

SVEIO KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tirsdag 7. november 2017

Tid: kl. 18.00

Sted: Kommunestyresalen, Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50, som sms til mobiltlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidlig som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Rådmannen er invitert/innkalla i sakene 17/17

Saksliste:

- 15/17 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.09.17
- 16/17 Val av nytt forvaltningsrevisjonsrapport for 2018 – tinging av prosjektmandat
- 17/17 Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021
- 18/17 Revisjonsplan 2017
- 19/17 Møteplan 2018 - kontrollutvalet
- 20/17 Referat- og orienteringssaker 07.11.17

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 31.10.17

Olav Haugen
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (Deloitte AS) (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.11.17	15/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 12.09.17

Vedlegg: Protokoll frå møtet 12.09.17

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 12.09.17 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møtet i kontrollutvalet 12.09.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 31.10.17

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Tysdag 12. september 2017 blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leiing av utvalsleiar Olav Haugen.

MØTESTAD:	Gamle kommunestyresalen i kommunehuset
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.25
MØTANDE MEDLEMMER:	Olav Haugen (KrF), Gustav Eidsvåg (FrP) og Heidi Selsås (A)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	3. vara Haldis Rolfsnes Stueland (KrF) og 5. vara Helga Reinertsen (Sp)
FORFALL:	Hans Christian Andersen (FrP) og Torill Hagland (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS Forvaltn.revisor Marianne Kulstad i sak 11/17
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Leiar ønskte varamedlemmene velkomne. Elles ingen merknader.
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Utvalet godkjente i sak 14/17 nytt pkt. 22

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 10/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.04.17

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 25.04.17 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 12.09.17:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.09.17:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 25.04.17 blir godkjent slik han føre.

SAK 11/17 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE»

Sekretariatet si innstilling:

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.
2. Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten ca. 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 12.09.17:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisor Marianne Kulstad gjorde greie for arbeidet, som var starta i februar og slutta av i september, formål med prosjektet, problemstillingane og nytta metode. Dei hadde mellom anna gjennomført ni intervjuar. Ho gjekk så gjennom revisjonen sine tilrådingar. Mykje var gjort og utarbeida innafor dette feltet i kommunen, men det mangla fortsatt ein del skriftlege rutinar. Internkontrollarbeidet var heller ikkje omtalt i kommunen si årsmelding, slik lova krev.

Utvalsleiar takka for presentasjonen og meinte det passa bra for ein ny rådmann å ta tak dei tilrådingane som revisjonen hadde peika på.

Utvalet framheva spesielt kor viktig det var med meir opplæring ute i einingane.

Utvalet hadde elles ingen merknader og slutta seg til innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.09.17 og innstilling til kommunestyret:

1. *Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.*
3. *Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten ca. 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 12/17 OPPFØLGING AV MERKNADER I REVISJONSRAPPORT – ÅRSREKNESKAP 2016

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si attendemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 12.09.17:

Utvalsleiar innleia. Revisor kommenterte. Revidert finansreglementet vil bli vedtatt i haust og ho meinte dei sikkert ville finne ei løysing ved interimrevisjonen i neste veke.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.09.17:

Sveio kontrollutval tar rådmannen si attendemelding på oppfølging av revisor sine merknader til årsrekneskapen 2016 til orientering.

SAK 13/17 BUDJETT 2018 – KONTROLL OG TILSYN – KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 656.000 eks mva** for 2018 fordelt følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	84.000
Kjøp av sekretærteneste (teneste 1100 art 13750 frå HKS IKS)	172.000
Kjøp av revisjonsteneste (teneste 1100 art 13700) frå Deloitte AS	400.000

Handsaming i kontrollutvalet 12.09.17:

Sekretær orienterte. Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.09.17 og innstilling til kommunestyret:

*Samla budsjett for ansvar 10010 Revisjon og kontrollutval i Sveio kommune vert på i alt **kr 656.000 eks mva** for 2018 fordelt følgjande:*

<i>Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)</i>	<i>84.000</i>
<i>Kjøp av sekretærteneste (teneste 1100 art 13750 frå HKS IKS)</i>	<i>172.000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste (teneste 1100 art 13700) frå Deloitte AS</i>	<i>400.000</i>

SAK 14/17 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.09.17

16. Statusoversikt - september 2017
17. Protokoll fra generalforsamling i Haugaland Kraft AS 12.06.17
18. FKT-konferansen i Tromsø 7. – 8. juni
19. FKT – protokoll frå årsmøtet 07.06.17
20. Rådmannen sitt saksframlegg i KST-sak - Avvikling av stiftinga Sveio Bufellesskap
21. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland - dato sett til 30.11.17
22. Haugalandspakken AS – varsel om ekstraordinær generalforsamling 30.10.17

Handsaming i kontrollutvalet 12.09.17:

Utvalssekretær gjekk igjennom sakene. Utvalet hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 12.09.17:

Kontrollutvalet tar referatsakene 16-22 til orientering.

EVENTUELT

Ingen saker var meldt.

Neste møte

Etter møteplanen er dato sett til 7. november.

Sveio/Aksdal, 12. september 2017

Olav Haugen
kontrollutvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.11.17	16/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONPROSJEKT FOR 2018 - TINGING AV PROSJEKTMANDAT

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å byrja med, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i neste møte.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon kan bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon eller Plan for selskapskontroll. Ny planer for perioden 2016-2020 blei vedteken av kontrollutvalet og kommunestyret hausten 2016 (møtet 31.10.16, sakene 111/16 og 112/16. Følgjande prosjekt er prioritert i den nye planen:

1. ~~Internkontroll~~ (rapport levert september 2017)
2. Vedtaksoppfølging
3. Barnevern
4. Spesialundervisning i grunnskulen (rapport levert i 2014)

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- Vedlikehald bygg, vegar og anlegg
- Pleie og omsorg
- Innkjøp
- Investeringsprosjekt
- Informasjonstryggleik
- Arbeid for psykososialt miljø i grunnskulen

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll:

1. Eigarskapsforvaltninga
2. Karmsund Havn IKS
3. Sveio Golfpark AS
4. Krisesenter Vest IKS

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt.

I budsjettet for 2018 er det satt av rundt 350 timar til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Prosjektet om «Internkontroll» var på 260 timar. Utvalet bør velje nytt prosjekt no, for så å gjere endeleg tinging i januarmøtet. Revisjonen vil då kunne starte opp arbeidet på nyåret av 2018 og vidareføre det og levere rapport hausten 2018.

Framlegg til prosjektmandat vil bli handsama i neste møte, då endeleg bestilling kan gjerast.

Når det gjeld selskapskontroll har Karmøy kontroll- og kvalitetsutval i møtet 20.10.17, sak 38/17 bede om at ei sak om tinging av selskapskontroll av Karmsund Havn IKS. Sveio kommune er her medeigar med 3,8 % , tilsvarande som Bokn kommune.

Selskapskontroll

Sekretariatet har i brev av 10.10.17 bede om tilbod på prosjektplan frå KPMG og Deloitte. Frist er forlengja til 21.11.17 og sak vil bli lagt fram for utvalet 29.11.17. I etterkant vil sak bli sendt til dei andre fem eigarkommunane om invitasjon til å vere med på selskapskontrollen.

Frå forvaltningsrevisorane er det komme ønskje om innspel på tema/føringar for kva revisjonen skal fokusere på. Sekretariatet vil ut ifrå selskapskontroll i andre selskap komme med følgjande framlegg:

- *Korleis er selskapet styrt?*
- *Korleis følgjer selskapet opp føringar frå kommunane?*
- *Korleis følgjer selskapet lovregler om offentlege anskaffelser og offentlighet?*
- *Korleis handterer selskapet etikk, arbeidsmiljø og miljøvern?,*

men dette er berre eit framlegg, og som utvala sjølv må ta stilling til. Neste møte er ikkje før i slutten av januar 2018 og det hadde vore praktisk dersom utvalsleiar fekk fullmakt til å godkjenne prosjektplan. Eit anna alternativ er om utvalet tok saka somskriftleg sakshandsaming, slik at revisjonen kunne få starte opp selskapskontrollen på nyåret.

Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet må drøfte om det er prosjekt med prioritet nr 2 dei ønskjer å velje. Utvalet kan også velje å omrokere eller sette i verk revisjon på andre område enn dei som er inkludert i planen, til døme fordi risikoforholda i kommunen har endra seg. Da det er gått noe tid sidan kommunestyrevedtaket, er det er ikkje utenkeleg.

Konkrete prosjekter kan veljast ut frå:

- *opplysningar som er komme fram under regnskapsrevisjon,*
- *saker som har vore behandla i kommunestyre og kontrollutval,*
- ***administrasjonen sitt uttalte ønskje om eit bestemt prosjekt,***
- *erfaringar frå tilsvarande forvaltningsrevisjonsprosjekt hos andre oppdragsgivarar,*
- *forhold som har vore framme i media, nasjonalt eller lokalt,*
- *tilsyn utført av fylkesmannen eller andre tilsynsorgan.*

Oppslag rundt om i landet om misligheld og uetisk framferd har ført til at mange kontrollutval har ønska å setje søkelys på korleis kommunen arbeider med dette, både generelt og innan meir spesifikke tema. Det blir derfor gjennomført prosjekter innan blant anna *etikk* og *risikostyring* og *innkjøp*.

Vidare er mange utval merksame når det gjeld tenestetilbodet til spesielt utsette grupper. Det vert gjennomført prosjekt innan bl.a. *barnevern*, *avlasting*, *rusvern* og *spesialundervisning*. Kontrollutvalet i førre periode (2011-2015) bestilte prosjekt om spesialpedagogiske tiltak og om sakshandsaming , service og haldningar.

Det kan setjast søkelys på korleis kommunen møter sine innbyggjarar, og korleis brukarane sjølv opplever tilbodet. Normalt er brukarperspektivet inkludert i alle analyser, men det kan nemnast noen typiske døme som *kvalitet i skulesektoren*, *innspel frå innbyggjarane*, *kvalitet og produktivitet i byggesaker*, *utbyggingsområde* og *sjølvkost*.

Frå siste sekretariatssamling i haust kom det fram døme på kva som utvala kunne spørje rådmannen om:

*Kva har rådmannen gjort innan temaet **etikk** det siste året og kva planer har rådmannen neste år?*

*Kva rutinar og retningslinjer har kommunen for **varsling**?*

*Kva seier økonomireglementet om behandling av **investeringsprosjekt**, her under verdi- og tidsgrenser? Er det store avvik mellom budsjett og rekneskap?*

Spørsmåla/tema treng ikkje å bli til eigne forvaltningsprosjekt, men utvalet kan be om en orientering.

Når kontrollutvalet har valt ut prosjekt, vil sekretariatet be revisor komme med et framlegg til prosjektmandat og legge fram sak om bestilling til neste møte.


Oppdragsansvarleg revisor vil være til stade på møtet for å svare på spørsmål og notere ned innspel frå utvalet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til neste møtet på nyåret 2018.

Sveio kontrollutval er positiv til ein invitasjon til felles selskapskontroll om Karmsund Havn IKS. Sveio kontrollutval gjer utvalsleiar fullmakt til godkjenne den prosjektplan som Karmøy kontroll- og kvalitetsutval vel.

Aksdal, 31.10.17



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.11.17	17/17

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	150	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Bakgrunn

Som kommunen sitt tilsynsorgan bør kontrollutvalet følgje med i utviklinga av kommunen si drift. Utvalet deltek ikkje i sjølve handsaminga av kommunen sine økonomirapporter, men det har vore delvis praksis at kontrollutvalet får dei rapporter som blir lagt fram for kommunestyret til orientering. Siste rapport er pr. 31.august, jf. referatsakene. Eventuelle kommentarar til rekneskapen frå kontrollutvalet si side vert gjeve i samband med handsaminga av årsrekneskapen til våren.

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Utvalet er i sitt arbeid berre underlagt kommunestyret, ikkje rådmannen. Framlegget kan derfor bare endrast politisk. Rådmannen legg fram sitt framlegg til saldert budsjett med heimel i kommunelova §§ 44-48 og i forskrift.

Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett blei fastsett i møtet i september, sak 13/17. Forskrifta pålegg at kommunen sørgjer for at framlegget følgjer formannskapet si innstilling til kommunestyret, med mindre framlegget er uendra, dvs. ikkje gjort kutt av rådmannen. Framlegget kan berre endrast av kommunestyret.

Som **ikkje-mangfoldiggjort vedlegg** til denne saka ligg rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021. Framlegget blei presentert for kommunestyret 06.11.17. Budsjettframlegg vil bli lagt ut på kommunen sin nettside www.sveio.kommune.no.

Budsjettframlegget inneheld rådmannen sine kommentarar, kommentarar frå organisasjonen, ulike budsjettskjema, tiltaksliste, hovudoversyn og detaljbudsjett for ansvarsområda. Budsjettframlegg, økonomiplan og sak om kommunal gebyr 2018 vert handsama i formannskapet i møtet 27.11.17. Endeleg vedtak vil bli gjort i kommunestyremøtet 11.12.17. Rådmannen er av sekretariatet invitert til å gjere greie budsjettframlegget i møtet, og han har sagt han kommer.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar rådmannen sitt budsjettframlegg til Sveio kommune sitt budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021 til orientering.

Aksdal, 31.10.17

Toril Hallsjø *Utvalssekretær*

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.11.17	18/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

Kan bli behandla i lukka møte – OFL § 24/KL §31 nr 5

REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2017

Vedlegg: Revisjonsplan - Sveio kommune 2017 frå Deloitte AS (**eige vedlegg**)

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne godkjenne rekneskapet. Deloitte AS har utarbeida ein slik plan for Sveio kommune, som følgjer som vedlegg. Vedlegget er lagt ved som eige dokument.

Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, men ifølge revisor finn ho ikkje grunn til at dette skal skånast, dvs at det ikkje treng vere ikkje offentleg.

Revisor vil i tillegg gje ein muntleg orientering til utvalet om houveddinnhaldet i arbeidet. Opplysningar som kjem fram i møtet kan bli vurdert som ikkje offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhold av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5, men dette skal også vurderast opp mot omsyn til meir-offentlegheit, før eventuelt lukking.

Rekneskapet vert ikkje avslutta før etter at rekneskapen for 2017 er avlagt våren 2018. Hovudarbeidet i det enkelte rekneskapsåret starter difor ikkje før etter sommarferien, men om hausten og på nyåret.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval tar revisjonsplan 2017 for rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå revisor til orientering.

Aksdal, 31.10.17

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.11.17	19/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN FOR 2018 - KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Kalender 2018

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (5 møte pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2017. Dag og tidspunkt for møta er sett opp som før: tysdagar kl. 18.00. Kontrollutvala sine møte er opne for presse og publikum, og datoane skal gjerast kjent for innbyggjarane på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden når den er vedteken.

Saksorientering:

Første møte på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte vil kontrollutvalet gje si innstilling til årsrekneskapen og føretaka sine rekneskap. Til hausten vil planar og budsjettframlegg bli handsama.

Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjere vedtak før rekneskapa har vore handsama i kontrollutvalet, dvs. at innstillingane/uttala skal følgje med. Sveio har tidlegare år handsama rekneskapen i kommunestyremøtet i mai, men i fjor blei han lagt fram i juni. Politisk sekretariat har gjort framlegg om møtedato neste år 16.04 og 18.04. Revisor si uttale skal vere klar til 15.04. Sakskart vil då bli sendt ut 17.04. Dette krev godt samarbeid frå alle involverte. Kontrollutvalet si innstilling vil då bli lagt fram for formannskapet 04.06.18. Møtet i juni vert satt opp som tidlegare år, men kan bli avlyst, som i år, dersom det ikkje er saker å ta opp.

Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstra møte dersom det skulle vere naudsynt.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Sveio kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2018:

tysdag 30.01, 24.04, 19.06, 11.09 og 13.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 31.10.17


Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

VEDLEGG
SAK
19/17

Oversiktskalender 2018

Januar 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
1	1	2	3	4	5	6	7
2	8	9	10	11	12	13	14
3	15	16	17	18	19	20	21
4	22	23	24	25	26	27	28
5	29	30	31				
2 ● 8 ● 17 ● 24 ● 31 ●							

Februar 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5				1	2	3	4
6	5	6	7	8	9	10	11
7	12	13	14	15	16	17	18
8	19	20	21	22	23	24	25
9	26	27	28				
7 ● 15 ● 23 ●							

Mars 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9				1	2	3	4
10	5	6	7	8	9	10	11
11	12	13	14	15	16	17	18
12	19	20	21	22	23	24	25
13	26	27	28	29	30	31	
2 ● 9 ● 17 ● 24 ● 31 ●							

April 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
13							1
14	2	3	4	5	6	7	8
15	9	10	11	12	13	14	15
16	16	17	18	19	20	21	22
17	23	24	25	26	27	28	29
18	30						
8 ● 16 ● 22 ● 30 ●							

Mai 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18		1	2	3	4	5	6
19	7	8	9	10	11	12	13
20	14	15	16	17	18	19	20
21	21	22	23	24	25	26	27
22	28	29	30	31			
8 ● 15 ● 22 ● 29 ●							

Juni 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22					1	2	3
23	4	5	6	7	8	9	10
24	11	12	13	14	15	16	17
25	18	19	20	21	22	23	24
26	25	26	27	28	29	30	
6 ● 13 ● 20 ● 28 ●							

Juli 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
26							1
27	2	3	4	5	6	7	8
28	9	10	11	12	13	14	15
29	16	17	18	19	20	21	22
30	23	24	25	26	27	28	29
31	30	31					
6 ● 13 ● 19 ● 27 ●							

August 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31			1	2	3	4	5
32	6	7	8	9	10	11	12
33	13	14	15	16	17	18	19
34	20	21	22	23	24	25	26
35	27	28	29	30	31		
4 ● 11 ● 18 ● 26 ●							

September 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
35						1	2
36	3	4	5	6	7	8	9
37	10	11	12	13	14	15	16
38	17	18	19	20	21	22	23
39	24	25	26	27	28	29	30
3 ● 9 ● 17 ● 25 ●							

Oktober 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
40	1	2	3	4	5	6	7
41	8	9	10	11	12	13	14
42	15	16	17	18	19	20	21
43	22	23	24	25	26	27	28
44	29	30	31				
2 ● 9 ● 16 ● 24 ● 31 ●							

November 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44				1	2	3	4
45	5	6	7	8	9	10	11
46	12	13	14	15	16	17	18
47	19	20	21	22	23	24	25
48	26	27	28	29	30		
7 ● 15 ● 23 ● 30 ●							

Desember 2018							
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
48						1	2
49	3	4	5	6	7	8	9
50	10	11	12	13	14	15	16
51	17	18	19	20	21	22	23
52	24	25	26	27	28	29	30
1	31						
7 ● 15 ● 22 ● 29 ●							

1. jan	Nyttårsdag
21. jan	Prinsesse Ingrid Alexandra, 14 år
6. feb	Samefolkets dag
11. feb	Morsdag
11. feb	Fastelavn
14. feb	St. Valentines dag
21. feb	Kong Harald, 81 år
20. mar	Vårjevndøgn
21. mar	Offisielt vårjevndøgn
25. mar	Sommertid start
25. mar	Palmesøndag
29. mar	Skjærtorsdag
30. mar	Langfredag

1. apr	1. påskedag
2. apr	2. påskedag
1. mai	Off. høgtidsdag
8. mai	Frigjøringsdag 1945
10. mai	Kr. Himmelfartsdag
17. mai	Grunnlovsdag 1814
20. mai	1. pinsedag
21. mai	2. pinsedag
7. jun	Unionsoppløsning 1905
21. jun	Sommersolhverv
23. jun	Jonsokaften
4. jul	Dronning Sonja, 81 år
20. jul	Kronprins Haakon, 45 år
29. jul	Olsokdagen

19. aug	Kronprinsesse Mette-Marit, 45 år
23. sep	Høstjevndøgn
28. okt	Sommertid slutt
31. okt	Halloween
4. nov	Allehelgensdag
11. nov	Farsdag
2. des	1. søndag i advent
13. des	Luciadagen
21. des	Vintersolhverv
25. des	1. juledag
26. des	2. juledag

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.11.17	20/17
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 07.11.17

Vedlegg:

- 23. Statusoversikt - oktober 2017
- 24. Komm.styrevedtak 25.09.17, sak 73/17- Forvaltningsrevisjonsrapport – «Internkontroll»
- 25. Kommunestyresak 06.10.17, sak 85/17 – Tertialrapport 31. august 2017
- 26. Innkalling til ekstraord. generalforsamling i Haugaland Kraft AS den 14.11.17
- 27. Sekretariatet sitt brev - innsynsrett – Haugaland Kraft AS
- 28. Sekretariatet sitt brev – tilbud på revisor oppdrag og prosjektplan – Karnsund Havn IKS
- 29. Legemeldt sjukefraver – 1. halvår 2017 – kommunar på Haugalandet
- 30. Kommunal rapport – professor Bernt svarar – Når kommunestyret har hastverk
- 31. Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland- program - påmelding

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tar referatsak 22 – 31 til orientering.

Aksdal, 31.10.17



Toril Hallsjø
Utvalssekretær



VEDLEGG
SAK
20/17

Kontrollutvalet i Sveio - Statusoversikt oktober 2017

23

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Nytt prosjekt	30.01.18		Val og mandat	Sept. 2018	Deloitte AS
Selskapskontroll					
Karmsund Havn IKS	31.01.18	(3,8 %)			
Andre saker					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon/ selskapskontroll	Bestilt	Hand- saming i KU	Hand- saming i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Internkontroll»	24.01.17, sak 02/17	12.09.17, 11/17	25.09.17, sak 73/17	Hausten 2018	Deloitte AS
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp i KST	Merknader
«Sakshandsaming, service og haldningar»	3.02.15, sak 3/15	01.10.15, sak 25 /15	14.03.16 sak 2 /16	31.10.16, sak 110/16	KPMG AS
«Spesialped. tiltak i Sveio»	28.01.14 sak 3/14	23.09.14, sak 26/14	03.11.14, sak 73/14	08.12.15, sak 30/15	KPMG AS
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	09.09.14, sak 19/14	20.04.15, sak 10/15	11.05.15, Sak 26/15	KU 14.06.16, sak 15/16	Deloitte AS
Andre saker					
Plan og overordna analyse – forvaltnings- revisjon 2016-2020	03.12.15, 33/15	13.09.16, sak 20/16	31.10.16 sak 111/16	Neste 4 år	Laga av Deloitte AS
Plan og overordna analyse – selskaps- kontroll2016-2020	03.12.15, 33/15	13.09.16, sak 21/16	31.10.16 sak 112/16	Neste 4 år	Laga av Deloitte AS



Sveio offentlege servicekontor

Toril Hallsjø

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 30.10.17
Journalført: 17/343/tha
Arkivkode: 216

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2017000784-7/2017013751 Arkiv: Dato: 30.10.2017

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT - INTERNKONTROLL I SVEIO KOMMUNE

Kommunestyret 25.09.2017, sak 073/17

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Kommunestyret - 073/17

KOM - behandling:

Framlegg frå Mikal Møller Hovda til endring i punkt 3:
Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Votering: Rådmannen sitt forslag med Hovda sitt forslag til endring i punkt 3 vart samrøystes vedteke.

KOM - vedtak:

1. Sveio kommunestyre tar den framlagte forvaltningsrevisjonsrapporten «Internkontroll i Sveio kommune» frå Deloitte til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Med helsing

Bodil Waage
Leiar offentlig servicekontor / politisk sekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Postadresse:
Postboks 40
5559 Sveio

Telefon:
53 74 80 00

Telefaks:
53 74 80 01

Org.nr.:
864967272

Bankgiro:
3240.08.87550

E-post:
postmottak@sveio.kommune.no

Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Unni Ravnøy	N - 103.1	17/132

Saksnr	Utval	Type	Dato
088/17	Formannskapet	PS	23.10.2017
	Kommunestyret	PS	

TERTIALRAPPORT 31. AUGUST 2017

Prenta vedlegg:

Tertialrapporter for alle rammeområder
Oversikt investeringar

Saksopplysningar:

Rådmannen, <dato>

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kommuneloven

Saksorientering:

I samsvar med kommunelova, Sveio kommune sitt delegeringsreglement og vedtekne rapporteringsrutinar skal rådmannen rapportere om den økonomiske utviklinga i høve til budsjett, og drifta av kommunen undervegs i budsjettåret. Økonomisk rapportering skal gjennomførast 2 gonger i året utanom rekneskap/årsrapport. Det vert også rapportert på andre sentrale forhold om den kommunale drifta.

Samandrag av tertialrapport pr. 31.08.2017:**ØKONOMISK OVERSIKT I HØVE TIL DRIFTSBUDSJETT FOR 2. TERTIAL 2017**

ANSVARSGRUPPE	REKNESKAP	PER. BUDSJETT	ÅRSBUDSJETT	AVVIK PER:	ESTIMAT 31.12
Politisk	2 990 539	2 879 309	4 634 000	-111 230	-200 000
Sentraladministrasjon	14 289 006	14 345 790	22 115 689	56 784	-500 000
Oppvekst - Skule	52 918 636	53 606 444	84 320 943	687 808	-1 500 000
Tekniske tjenester	10 007 523	8 033 880	14 273 448	-1 973 643	-1 000 000
VAR	-9 594 940	-10 603 988	-4 272 100	-1 009 048	0
Kultur	4 481 374	5 026 543	7 046 050	545 169	0
Kyrkja	2 486 667	2 486 667	3 700 000	0	0
Oppvekst - Barnehage	43 019 407	43 641 340	61 475 415	621 933	0
Ryvarden Kulturfyr KF	400 000	400 000	400 000	0	0
Helseavdeling med fellestenester	16 228 570	16 230 574	22 674 452	2 004	-200 000
Pleie og omsorg	36 885 522	32 170 292	49 991 609	-4 715 230	-5 600 000
NAV med flyktningarbeid	11 288 827	9 419 519	14 124 850	-1 869 308	-2 500 000
Barnevern	4 889 639	5 310 483	8 483 600	420 844	0
Habilitering	27 118 266	27 495 365	24 945 970	377 099	0
TOTALT	217 409 036	210 442 218	313 913 926	-6 966 818	-11 500 000



Sveio kommune sine frie inntekter består av ordinær skatt, eigedomsskatt, rammeoverføring og inntektsutjamning. Sum frie inntekter for 2017 er ca. 342 millionar kroner.

Rammeområdet Politisk har eit meirforbruk på kr 111.000, og ser ut til å gå med eit meirforbruk på ca. 200.000 ved årsslutt. Meirforbruket skuldast m.a. interkommunalt samarbeid og kjøp av IKT-utstyr.

